



# GULATING LAGMANNSRETT

## Velkommen som meddommar!

### Meddommarutval 2021-2024



# Meddommarane si eiga nettside

Her finn du svar på mange spørsmål. Klikk på [lenka](#) og gjer deg kjent med sidene.

Start gjerne med filmen, og gå vidare til områda nedanfor ►

1. Slik fungerer rettssystemet
2. Slik blir ei sak avgjort
3. Din jobb som meddommar
4. Praktiske forhold
5. Introduksjonskurs for meddommarar
6. Læremiddel og ressursar

Vi rår sterkt til at du gjennomfører [introduksjonskurset](#) for å bli tryggare på meddommarrolla, og for å gjere deg kjent med problemstillingar du kan bli stilt ovanfor.

**MEDDOMMERE**  
Norges domstoler

Disse sidene gir en innføring i vervet som meddommer. Se gjerne filmen først og gå deretter inn på de enkelte temaene.

Hva vil det si å være meddommer?

Se senere Del

Rettsystemet Slik avgjøres en sak Din jobb som meddommer

Praktiske forhold Introduksjonskurs Læremidler

Del siden Skriv ut

MEDDOMMER I TINGRETTENE BERGEN, FREDRIKSTAD OG HALDEN

Få tilgang til saksdokumentene digitalt via Aktørportalen

FØLG OSS!

Facebook  
Twitter  
@kontakt\_domstolene

# Kort om rettssystemet



# Lagmannsretten

- Lagmannsretten er ankeinstans for tingretten
- Det er seks lagmannsrettar i Norge, dei dekker kvar sitt geografiske område (lagdømme)
- Gulating lagmannsrett dekker fylka Rogaland og Vestland
- Lagmannsretten blir leia av ein førstelagmann
- Dommarane blir kalla lagdommarar og lagmenn
- Lekdommarane deltek som **meddommarar**

# Kort om Gulating lagmannsrett

- Forutan lokala i Bergen, ha me faste kontor i Stavanger og Haugesund
- Gulating lagdøme er ankedomstol for:
  - Bergen tingrett
  - Dalane tingrett
  - Hardanger tingrett
  - Sogn og Fjordane tingrett
  - Stavanger tingrett
  - Jæren tingrett
  - Sunnhordland tingrett
- Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskifterettar:
  - Haugalandet og Sunnhordaland jordskifterett
  - Indre Hordaland jordskifterett
  - Indre Sogn jordskifterett
  - Nordfjord jordskifterett
  - Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
  - Sør-Rogaland jordskifterett
  - Lista jordskifterett

TINGRETTANE I LAGDØMET

• Rattsstad  
— Lagmannsrett  
— Tingrett  
Målestokk 1:600 000



# Meddommarar i sivile- og straffesaker

- **Straffesaker**
  - Meddommarane deltar på lik line med fagdommarane
  - Vurderer om tiltalte er skuldig og kva straffa skal bli
  - Stemma til meddommarane tel like mykje som stemma til fagdommarane
- **Sivile saker**
  - I nokre sivile saker deltar meddommarar, til dømes i saker om overprøving av tvangsvedtak (tvistelova kap. 36). [Lovtilvising](#)
  - Meddommar i sivile saker kan bli kravd av ein av partane
- [Her kan du lese meir om sakstypene i domstolane](#)

# Straffesaker

## Anke til lagmannsretten



- Ein straffedom frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Både den domfelte og påtalemakta kan anke.
- Ankefristen er på to veker.
- Anken kan gjelde:
  - Bevisvurderinga
  - Straffeutmålinga
  - Saksbehandlinga
  - Lovbruken

# Ulike typar straffesaker

	<b>Strafferamme over 6 år</b>	<b>Strafferamme under 6 år</b>
<b>Fullstendig anke</b> (bevisvurdering)	<b>Meddommersak:</b> 2 fagdommarar + 5 meddommarar	<b>Meddommarsak:</b> 2 fagdommarar + 5 meddommarar
<b>Avgrensa anke</b> (straffutmåling, saksbehandling etc)	<b>Meddommarsak:</b> 2 fagdommarar + 5 med- dommarar	<b>Fagdommarsak:</b> 3 fagdommarar, ingen meddommarar




# Fullstendig anke

- Retten vert sett med **to fagdommarar og fem meddommarar som avgjer spørsmålet om skuld og straff**
  - Det skal vere minst to av kvart kjønn
  - Fagdommarar og meddommarar er saman om alle avgjerder, og alle stemmer tel likt
  - Det må vere eit kvalifisert fleirtal blant dei sju for at den tiltalte skal bli dømt skuldig. Det vil seie at minst fem må stemme for domfelling. I tillegg må minst ein av fagdommarane vere blant desse. I motsett fall er tiltalte å rekne som uskuldig og blir frifunnen
  - Retten må uansett grunngi skuldspørsmålet
  - Alle andre avgjerder i saka blir avgjort ved alminneleg fleirtal
  - Fagdommarar og meddommarar er saman om alle avgjerder

# Avgrensa anke

- **Avgrensa ankebehandling** vil seie at anken ikkje gjeld bevisvurderinga under skuldsspørsmålet. I staden er det straffeutmålinga, saksbehandlinga eller lovbruken som er anka.
- I anker som berre gjeld straffutmålinga og med strafferamme på **meir** enn seks års fengsel deltar to fagdommarar og fem meddommarar
- I avgrensa ankar i saker med strafferamme på inntil seks års fengsel deltar kun tre fagdommarar
- I avgrensa ankar som bare gjelder saksbehandlingen eller lovbruken (ikkje bevisvurderinga) deltar tre fagdommarar.

# Dommen



- Ein av fagdommarane skriv dommen, som blir underskriven av alle dommarane
- Dommen skal innehalda ei utgreiing av det faktum som er lagt til grunn og ei grunngiving for straffa
- Dommen blir vanlegvis frammøteforkynt

# Val av meddommarar

- **Korleis blir meddommarar valde?**
  - To utval – eitt for kvinner – eitt for menn
  - Meddommarane i sakene blir trekte frå desse utvala
  - Meddommarane er folkevalde – dei blir valt av kommunestyret
  - [På desse sidene kan du lese meir om korleis meddommarar blir valde](#)
- **Kven kan veljast?**
  - Krava i domstolslova:
    - 21-70 år
    - Ha stemmerett
    - Vere valbar til kommunestyret
    - Norsk eller nordisk statsborgar eller innført i norsk folkeregister som busett i Noreg dei siste tre åra
    - Vilkår at du snakkar og forstår norsk
    - Krav om å vere lovlydig
    - Lovtilvising: [Domstolslova 4. kapittel - Utval av meddommarar](#)

# Kven kan fritas frå utvalet?

- Dei som har dårleg helse
- "Andre særlege grunnar"
- Vore meddommar i to periodar tidlegare ([Domstolslova § 74](#))
- Flytting frå kommunen
- Oppfyller ikkje vilkåra for å vere valbar lenger

Søknad om permanent fritak frå utvalet skal sendast til den kommunen du tilhøyrrer. Det er kommunen som avgjer søknaden.

Domstolen kan berre fritta oppmøte for ein meddommar frå sak til sak.

[DI § 76](#) – Når eit utvalsmedlem døyr eller flytter frå kommunen, skal administrasjonssjefen i kommunen slette vedkomande frå utvalet. Det same gjeld dersom vedkomande ikkje oppfyller vilkåra for å vere valbar etter [§ § 70-72](#).

Utvalsmedlem som flytter til ein annan kommune i soknet (vernetinget), skal overførast til registeret i den nye kommunen.

# Korleis blir meddommarar trekte ut?

- Saksbehandlingssystemet til domstolen trekkjer ut tilfeldig meddommarar og varameddommarar
- Berre meddommarane møter, varameddommar møter etter varsel
- Meddommarar møter i gjennomsnitt i ca. 2 saker per år

# Inhabil?

- Du er inhabil dersom du:
  - Er i nær slekt eller nær familie med part eller nokon som deltar i saka
  - Sjølv har interesser i saka
  - Har tilknytning til part eller saka om nokon trur det kan påverke avgjerda
  - Er lærar, nabo, ven eller har brukt forsvarar som advokat nyleg
- Dersom du kan tenkjast å vere inhabil -> meld frå til lagmannsretten
- Av og til blir ikkje inhabilitet oppdaga før du møter i retten -> retten kallar då inn varamedommar i din stad
- Domstolen avgjer habilitetsspørsmålet

# Møteplikt - fritaksgrunnar

- Å vere meddommar er eit samfunnsansvar
- Møteplikta gjeld om du ikkje uttrykkeleg er fritatt i den enkelte saka
- Krevjande arbeidssituasjon er ikkje gyldig fritaksgrunn
- Dersom du vil bli fritatt frå å møte, må du senda skriftleg søknad til domstolen så snart du har mottatt innkallinga
  - Stadfesting av fritaksgrunn – legeerklæring, erklæring frå arbeidsgivar e.l. må leggjast ved søknaden om fritak
- Retten vil ta stilling til om du har gyldig grunn
- Dersom du ikkje møter til rettsmøtet utan å ha gyldig grunn, må du rekne med å få rettargangsbót



# Korleis du blir kalla inn til ei sak



- Når du har mottatt innkalling, må du merke deg tidspunktet for frammøte
- Varameddommarar skal **ikkje** møte, men må halde seg klare dersom meddommar får forfall
- Oppmøte seinast 15 minutt før hovudforhandlinga startar (gjerne før)
- Antrekk – Vanleg pent antrekk er greitt



- Kort møte i dommarrommet med fagdommarar før saka startar
- Ankeforhandlinga startar
- Nye meddommarar må [gi forsikring](#)
- Dommarane må ikkje dømme på grunnlag av noko anna enn det som kjem fram i retten – dei skal sjå bort frå det dei får vite på annan måte, t.d. gjennom media
- Meddommarane må ikkje ha kontakt med aktørane under saka eller før dom er sagt
- Meddommarane kan stille spørsmål til den tiltalte og vitne
  - Spørsmåla må stillast så nøytralt som mogeleg
  - Dommarane må ikkje gi uttrykk for sitt syn på saka i rettsmøtet
  - Er du tvil om korleis du skal stille spørsmål, kan du skrive ein lapp til fagdommar om det du ønskjer å få opplyst

# Dette skjer i rettssalen

## **Rettsaka startar**

Når saka startar, går fagdommarane og meddommarane inn i rettssalen saman. Alle andre skal då reise seg. Meddommarane tar plass på kvar si side av fagdommarane. Rettsmedlemmene skal også forlate rettssalen samla.

## **Retten blir sett**

Rettsens leiar opnar og leier forhandlingane. Han eller ho vil då presentere dei som er til stades og gå gjennom ein del formelle punkt.

## **Formaning og forsikring**

Rettsens leiar kjem til å spørje om du har gitt forsikring som meddommar tidlegare. Dersom du ikkje har gjort det, skal du gi forsikring i starten av rettsmøtet. Før du gir forsikring, vil rettsens leiar orientere (formane) deg om pliktene dine som meddommar. Dette blir gjort i rettssalen eller før forhandlingane startar.

I domstolslova står det at forsikringa skal gjelde "at han saavel i denne sak som i alle fremtidige saker vil gi vel agt paa alt, som forhandles i retten, og at han vil dømme saaledes, som han vet sandest og rettest at være efter loven og sakens bevisligheter."

Dommaren les teksten, og du skal svare: "Det forsikrar eg." Alle som er til stades skal reise seg når forsikringa blir gitt.

# Dette skjer i rettssalen

## Spørsmål til opplysning av saka

Som meddommar kan du stille spørsmål til den tiltalte eller til vitne. Det kan du i så fall gjere etter at dei andre aktørane er ferdige med spørsmåla sine. Fagdommaren (rettens leiar) spør deg om du har spørsmål. Du treng ikkje føle noko press om å stille spørsmål, men du bør gjere det dersom det er noko du lurer på.

Det er viktig at det ikkje blir stilt spørsmål på ein slik måte at det går fram kva du som dommar meiner skal bli utfallet i saka. Då kan du bli erklært inhabil.

## Ver nøytral!

Også på andre måtar er det viktig at ingen kan oppfatte det som at du tar parti med nokon. Unngå derfor å komme i samtale med andre enn fagdommarane og dei andre meddommarane i pausar og før/etter rettsmøte. Sjølv om de snakkar om fotball eller været, kan det bli misforstått av andre.

Derimot kan ein gjerne diskutere saka i pausar med dei andre lekdommarane og fagdommarane. Her kan dommarrom nyttast til samtale om saka. Går saka over fleire dagar, må du ikkje diskutere saka privat.

[Her kan du lese om kva som skjer i ei hovudforhandling steg for steg](#)



- Når rettsmøtet er avslutta, set dommarane seg saman i ein domskonferanse.
- I domskonferansen skal de drøfte og til slutt avgjere saka.
  - Det er rettens leiar (fagdommaren) som leier forhandlingane
  - Det er viktig at du seier frå om alle vurderingane dine, også tvil
  - Fagdommarane og meddommarane har lik stemme
- Domskonferansen blir ikkje alltid gjennomført same dagen som rettsmøtet
  - Dersom du veit at du skal på ferie eller ha anna fråvær rett etter rettsmøtet, må du gi beskjed til dommaren.
- Domsavseiing i straffesaker kan skje på fleire måtar
  - Frammøteforkynning - Den tiltalte møter opp i retten og får forkynt dommen av ein saksbehandlar.
  - Domsavseiing i rettsmøte
  - Digital frammøteforkynning
- Frist for domsavseiing i sivile saker
  - Innan fire veker når det er meddommarar

# Digital behandling av sakene

- Dei aller fleste sakene vert behandla digitalt i Gulating lagmannsrett. Det inneber at dokument/bevis vert vist fram på skjermar i rettsalen.
- Avgjerder vert signert ved fysisk frammøte eller ved bruk av Bankid.

# Teieplikt og kontakt med media

- I utgangspunktet er alle rettsmøte i straffesaker opne rettsmøte.
- Av og til blir det kravd stengde dører i rettsmøtet. Dommarane behandlar slike krav straks og seier orskurd i rettsmøtet [Stengde dører](#).
- Når har ein teieplikt?
  - [På desse sidene](#) finn du ei grundig oversikt om når du har teieplikt som meddommar
- **Kontakt med media**
  - Meddommarar bør ikkje kommentere saker i media – korkje under rettsmøta eller etterpå
  - Det er fort gjort å seie noko ein angrar på og som kan bli misbrukt
  - La retten/fagdommaren handtere media

# Godtgjersle

Informasjon om godtgjersle finn du på [desse sidene](#).

## **Elektronisk innsending av rekningar for reiseutgifter og godtgjersle**

Krav om godtgjersle og refusjon av reiseutgifter skal sendast inn elektronisk via Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (**DFØ**) sine sjølvbeteningsløysingar.

Før du kan ta i bruk sjølvbeteningsløysingane, må domstolen registrere deg som brukar. Send ein e-post til domstolen [Gulating.lagmannsrett.selvbetjeningsportal@domstol.no](mailto:Gulating.lagmannsrett.selvbetjeningsportal@domstol.no) med følgjande informasjon:

- **Namn • Fødselsdato • E-postadresse • Bankkontonummer • Saksnummer**
- Når brukar er oppretta, vil du få e-post frå DFØ med informasjon om korleis du loggar deg på og tar i bruk sjølvbeteningsløysingane:
  - Nettportalen «[Betalmeg](#)»  
eller
  - Mobilappen: [DFØ Sjølvbetening](#)

Merk at det er DFØ som er brukarstøtte for løysinga på telefon 400 18 659 eller via e-post [lonn@dfo.no](mailto:lonn@dfo.no)



# Vegleiiing godtgjersle/reiserekning

- **Godtgjersle** [Vegleiiing for godtgjersle](#)
- Dersom kravet ditt gjeld tapt arbeidsforteneste, må du leggje ved ein attest frå arbeidsgivaren din om at du er trekt i løn. [Sjå skjema for tapt arbeidsforteneste](#).
- **Reiserekning** [Vegleiiing for reiserekning](#)
- Til informasjon: du må registrere éi rekning per dag du reiser. Dersom du har vore i retten tre dagar og har reist fram og tilbake kvar dag frå eigen bustad, må du altså lage ei reiserekning per dag.
- **Vegleiiingsfilmar på YouTube:**
- [Korleis registrere reiserekning \(YouTube\)](#)
- [Sjå film om korleis du kan bruke elektronisk kartteneste i appen for å rekne ut køyrelengde \(YouTube\)](#).

## Kontaktperson i Gulating lagmannsrett:

Janicke K. Vognstølen  
[janicke.vognstolen@domstol.no](mailto:janicke.vognstolen@domstol.no)

Telefon: 55 69 39 71/3900  
Postboks 7414  
5020 Bergen

[www.domstol.no/gulating](http://www.domstol.no/gulating)

[www.domstol.no](http://www.domstol.no)

[www.domstol.no/nn/straffesak/Aktorane-i-retten/lekdommar/](http://www.domstol.no/nn/straffesak/Aktorane-i-retten/lekdommar/)